

Doktor Haugen slik du minnest han 22.

30.12.2014



**Dr. Haugen under krigshandlingane i Uskedalen.**

**Under krigshandlingane i Uskedalen aprildagane i 1940, hadde nok dr. Haugen nervepirrande uttrykningar. Med han på desse var også Kristi Hjelmeland (Søster Kristi) som var helsesøster i svært mange år medan Haugen var distriktslækjar.**

Lars Børge Sæberg har skrive om dette i Kvinnhersminne 1986, og han kan også fortelje at dr. Haugen var på veg mot Uskedalen. Med seg i bilen hadde han Søster Kristi, og då dei kom i Sandvikelio, var nok ho litt uroleg. Ho spurde doktoren om ikkje dei burde få ut Røde Kors-flagget for tryggleiken si skuld.

Dette vart gjort, og det var jammen på høg tid. Då dei runda svingen på Ljosnes, vart dei møtt av tyskarar som sikta rett på dei med våpena. Frå Ljosnes køyrde dei sakte etter tyskarane til Rød. Der var ein tyskar blitt skadd. Han var skoten gjennom kneet. Han vart lasta inn i bilen, og saman med ei tysk vakt køyrde dei han attende til Dimmelsvik der han vart teken om bord i ein av båtane.

Lars Børge har fått dette bekrefte av Kristi Hjelmeland sjølv.

Same dag trefte Trygve Haugland på dr. Haugen og Søster Kristi. Han var på veg på dalen medan dei kom køyrande nedover, og han møtte dei på Musland like nedanfor der Anton Musland budde.

- Eg ser endå for meg Røde Kors-flagget som blafra då dei kom køyrande, fortel Trygve. Han meiner det måtte vera heimelaga av eit laken. Det låg og blafra på taket og var festa til støtfangarane bak og framme, - i kvart hjørne av bilen.

- Det er eit syn eg aldri gløymer, seier Trygve Haugland, men han snakka ikkje med dei, og veit heller ikkje kva oppdrag dei var på oppe i dalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.